

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 008/2016 | Formannskapet i Radøy | PS   | 20.01.2016 |
| 005/2016 | Kommunestyret i Radøy | PS   | 27.01.2016 |

| Sakshandsamar     | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|-------------------|--------------|--------------|
| Arthur Kleiveland | 14/537       | 16/465       |

### Godtgjersle til ordfører og varaordfører i Radøy kommune

#### Saksopplysingar:

Ved inngangen til førre periode gjekk Radøy over til at ordførargodtgjersla følgjer stortingsrepresentantane. Ordføraren har i eit notat tatt initiativet til ei drøfting av godtgjersle til folkevalde, inkludert godtgjersle til ordfører og varaordfører.

Ordføraren viser til at han vil ta i mot ei viss godtgjersle for arbeidet på Fylkestinget i denne valperioden. Han rår difor til at ordførargodtgjersla vert sett til 90% av godtgjersla til stortingsrepresentant.

Etter gjeldande reglement er varaordføraren si godtgjersle fastsett til 10% av ordføraren si godtgjersle. I notatet frå ordføraren vert det vist til at partia SP, AP og Krf har drøfta å styrkja politisk leiing i kommunen. Ordføraren tar difor til ordet for at varaordfører si godtgjersle vert sett til 20% av ordførargodtgjersla.

Rådmannen føreslår å gjera endringa i godtgjersla til ordfører og varaordfører frå 1.1.2016.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Ordføraren si godtgjersle vert sett til 90% av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Godtgjersla vert gjort gjeldande f.o.m. 1.januar 2016. Godtgjersla vert regulert automatisk etter auke i stortingsrepresentantane si godtgjersle kvart år. Godtgjersla gjeld for tenestegjering i alle kommunale verv.
2. Ved fråtreiding får ordføraren ettergodtgjersle fram til 31. desember ved valperiodens slutt. Dersom ordføraren trer inn i ny stilling på eit tidlegare tidspunkt, fell ettergodtgjersla bort frå same tid.
3. Ordføraren skal vera innmeldt i pensjonsordning for folkevalde (KLP) samt ordninga tilsvarende HTA, kap. 1 § 10 når det gjeld "ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikring".
4. Retten til sjukepengar vert som for dei kommunalt tilsette arbeidstakarane.
5. Varaordfører si godtgjersle vert fastsett til 20% av ordfører si godtgjersle frå 1.januar 2016. Godtgjersla gjeld for tenestegjering i alle kommunale verv.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Ordføraren si godtgjersle vert sett til 90% av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Godtgjersla vert gjort gjeldande f.o.m. 1.januar 2016. Godtgjersla vert regulert automatisk etter auke i stortingsrepresentantane si godtgjersle kvart år. Godtgjersla gjeld for tenestegjering i alle kommunale verv.
2. Ved fråtreiding får ordføraren ettergodtgjersle fram til 31. desember ved valperiodens slutt.

Dersom ordføreren trer inn i ny stilling på eit tidlegare tidspunkt, fell ettergodtgjersla bort frå same tid.

3. Ordføreren skal vera innmeldt i pensjonsordning for folkevalde (KLP) samt ordninga tilsvarende HTA, kap. 1 § 10 når det gjeld "ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikring".

4. Retten til sjukepengar vert som for dei kommunalt tilsette arbeidstakarane.

5. Varaordførar si godtgjersle vert fastsett til 20% av ordførar si godtgjersle frå 1.januar 2016. Godtgjersla gjeld for tenestegjering i alle kommunale verv.

### **Formannskapet i Radøy - 008/2016**

#### **FS - handsaming:**

Ordførar Jon Askeland orienterte om bakgrunnen for sitt initiativ til å redusera ordførar si godtgjersle. Askeland viste mellom anna til at han vil ta i mot ei viss godtgjersle for arbeidet på Fylkestinget i denne valperioden.

Godtgjersla til varaordførar vert auka frå 10 til 20 prosent av ordførar si godtgjersle. Det vart ei drøfting om dette vil vera tilstrekkeleg i forhold til total arbeidsmengde.

*Det vart sett fram følgjande tilleggsframlegg:*

Det skal i perioden gjerast ei vurdering av varaordføreren si godtgjersle i forhold til arbeidsmengde.

Tilleggsframlegg sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

1. Ordføreren si godtgjersle vert sett til 90% av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Godtgjersla vert gjort gjeldande f.o.m. 1.januar 2016. Godtgjersla vert regulert automatisk etter auke i stortingsrepresentantane si godtgjersle kvart år. Godtgjersla gjeld for tenestegjering i alle kommunale verv.

2. Ved fråtreding får ordføreren ettergodtgjersle fram til 31. desember ved valperiodens slutt. Dersom ordføreren trer inn i ny stilling på eit tidlegare tidspunkt, fell ettergodtgjersla bort frå same tid.

3. Ordføreren skal vera innmeldt i pensjonsordning for folkevalde (KLP) samt ordninga tilsvarende HTA, kap. 1 § 10 når det gjeld "ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikring".

4. Retten til sjukepengar vert som for dei kommunalt tilsette arbeidstakarane.

5. Varaordførar si godtgjersle vert fastsett til 20% av ordførar si godtgjersle frå 1.januar 2016.

Godtgjersla gjeld for tenestegjering i alle kommunale verv. Det skal i perioden gjerast ei vurdering av varaordføreren si godtgjersle i forhold til arbeidsmengde.

### **Kommunestyret i Radøy - 005/2016**

#### **KS - handsaming:**

Ordføreren informerte om at han og varaordføreren har blitt samde om ikkje å ta ordet i handsaminga av si eiga godtgjersle.

Ordføreren fekk honnør frå fleire for at han har tatt initiativet til å gå ned i godtgjersle – frå 100 til 90 prosent av stortingsrepresentant si løn. Ei viktig årsak til dette er at ordføreren i inneverande periode også har fast plass i fylkestinget, og får ei viss godtgjersle der. Samtidig blir godtgjersla til varaordføreren auka frå 10 til 20 prosent av ordføreren si godtgjersle.

#### **KS - vedtak:**

1. Ordføreren si godtgjersle vert sett til 90% av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Godtgjersla vert gjort gjeldande f.o.m. 1.januar 2016. Godtgjersla vert regulert automatisk etter auke i stortingsrepresentantane si godtgjersle kvart år. Godtgjersla gjeld for tenestegjering i alle

kommunale verv.

2. Ved fråtreding får ordføraren ettergodtgjersle fram til 31. desember ved valperiodens slutt. Dersom ordføraren trer inn i ny stilling på eit tidlegare tidspunkt, fell ettergodtgjersla bort frå same tid.

3. Ordføraren skal vera innmeldt i pensjonsordning for folkevalde (KLP) samt ordninga tilsvarande HTA, kap. 1 § 10 når det gjeld "ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikring".

4. Retten til sjukepengar vert som for dei kommunalt tilsette arbeidstakarane.

5. Varaordførar si godtgjersle vert fastsett til 20% av ordførar si godtgjersle frå 1.januar 2016. Godtgjersla gjeld for tenestegjering i alle kommunale verv.

**Vedlegg:**

Godtgjersle folkevalde for perioden 2015-2019 (57235) (L)(57278)

Godtgjersle til ordførar og varaordførar 2011-2015\_KS\_vedtak